



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 19.09.2017
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anders Egil Straume	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Henning Holsvik	Anders Egil Straume	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Kjell Magne Rindal	Eigedomssjef OS 124/17
Rune Totland	Teknisk sjef PS 143/17 og PS 144/17
Regine Solberg Aklestad	Planleggar PS 141/17
Siri Birkeland Solheim	Prosjektleiar eigedomsavdelinga PS 145/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 139/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 140/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 123/17	Orientering Volda og Ørsta reinhaldsverk
PS 142/17	VØR - Utviding av låneramme
OS 124/17	Presentasjon egedomsavdelinga
PS 141/17	Miljøreining Øyraelva og tilknytt vassdrag
PS 143/17	Tilleggsfinansiering tilbygg Myrtun – sandlager
PS 144/17	Utbyggingsavtale for Håmyra bustadfelt - Din Bolig AS
PS 145/17	Ny bruk av bustadsmodular Engesetvegen 28 - Kostnadar og finansiering
PS 146/17	Gjerdeplassen - avtale om makebyte av grunn
PS 147/17	Kulturhus og kino i kombinasjon med nytt mediebygg på campus Høgskulen i Volda
PS 148/17	Orienteringssaker
OS 125/17	Ordførarar ber om ekstraordinær generalforsamling – Mørenett
OS 126/17	Prosjektrapport - framtidig legevakt på Søre Sunnmøre
OS 127/17	HVO Mediefag - Prosjektstyring: Møte mellom styringsgruppe og Statsbygg - referat frå møte 28.6.2017
OS 128/17	Framdriftsplan per 28. august 2017 for nytt mediebygg med kultursal og visningssal
OS 129/17	Campusutvikling på høgskulen i Volda - Byggjeprogram – høyring
OS 130/17	Fylkesmannen - Nye Volda kommune - oversending av likelydande vedtak



VOLDA KOMMUNE

- OS 131/17 **Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Nye Volda kommune - søknad om unntak frå felles kommunestyremøte**
- OS 132/17 **Grensejustering Bjørke - Referat frå møte den 04.07.17**
- OS 133/17 **Voldsfjordkryssing AS: Protokoll frå Generalforsamling den 28. juni 2017 - Firmaattest frå 10. august 2017**
- OS 134/17 **Drosjeløyva i Volda og Ørsta kommunar - Vurdering av behovet for ledig løyve tilknytt Volda Taxisentral**
- OS 135/17 **Referat frå rådmannsgruppa 01.09.2017**
- OS 136/17 **Politikontakter i alle kommunar**
- OS 137/17 **Delegeringsfullmakt til økonomisjefen**
- OS 138/17 **Vedkomande sal av Sykkylven kommune sine aksjar i Furene AS**
- OS 139/17 **Vidare gang - Sak om tilbakebetaling av uriktig utbetalte kommunale tilskot til Den katolske kyrkje**
- PS 149/17 **Referatsaker**
- RS 10/17 **Månadsrapport SSIKT 01.09.2017**
- RS 11/17 **M & R fylkeskommune - Tilskot til frivillig verksemd - Kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Den norske Dokumentarfilmfestivalen**

PS 139/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var seks møtande ved møtestart.

Innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste

Ordføraren kom med framlegg om at PS 142/17 VØR – Utviding av låneramme, vert handsama etter orienteringssak OS 123/17.

Dan Helge Bjørneset møtte kl. 12.08.



VOLDA KOMMUNE

Margrete Bjerkvik kom med framlegg om at OS 125/17 vert handsama som politisk sak. Det var ikkje semje i formannskapet om å endre saka til politisk sak.

Gunnar Strøm møtte kl. 12.10

Røysting:

Innkalling og sakliste, med endring frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

PS 140/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 22.08.2017 vart samrøystes godkjent.

OS 123/17 Orientering Volda og Ørsta reinhaldsverk

Dagleg leiar i Volda og Ørsta reinhaldsverk, Petter Bjørdal, orienterte.

Sølvi Dimmen møtte kl. 12:20, det var soleis 9 røysteføre i framhald av møtet.

PS 142/17 VØR - Utviding av låneramme

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting:

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i formannskapet - 19.09.2017

Saka vert utsett.

OS 124/17 Presentasjon eigedomsavdelinga

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte om eigedomsavdelinga.

PS 141/17 Miljøreining Øyraelva og tilknytta vassdrag

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune vil som tiltakshavar i utbyggingsområdet i Håmyra be byggeleiar og entreprenør fylgje opp tiltak for å avverge eller begrense skader og ulemper for organismar i Øyraelva.

I samband med planlagt førebyggingsarbeid i Håmyrelva/Gjølelva, Orgjylelva og Heltneelva skal Volda kommune som tiltakshavar ta omsyn til naturmangfaldet og vurdere tiltak for å avverge eller begrense skader og ulemper for organismar i Øyraelva.

Handsaming:

Sakshandsamar Regine Aklestad Solberg møtte under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 19.09.2017:

Volda kommune vil som tiltakshavar i utbyggingsområdet i Håmyra be byggeleiar og entreprenør fylgje opp tiltak for å avverge eller begrense skader og ulemper for organismar i Øyraelva.

I samband med planlagt førebyggingsarbeid i Håmyrelva/Gjølelva, Orgjylelva og Heltneelva skal Volda kommune som tiltakshavar ta omsyn til naturmangfaldet og vurdere tiltak for å avverge eller begrense skader og ulemper for organismar i Øyraelva.

PS 143/17 Tilleggsfinansiering tilbygg Myrtun - sandlager

Administrasjonen si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

For å gjennomføre komplett utbygging av tilbygg - garasje og sandlager - på kommunalteknisk driftslager på Myrtun, godkjenner kommunestyret tilleggsøyving på kr 771 000,- inkl. mva. til prosjekt 700903. Tilleggsøyvinga vert finansiert slik:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr</i>	<i>576 900,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr</i>	<i>144 100,-</i>
<i>SUM</i>	<i>kr</i>	<i>771 000,-</i>

Driftsmessigekonsekvensar blir innarbeidd i økonomiplanen for 2018-2021.

Handsaming:

Teknisk sjef Rune Totland var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.09.2017 til kommunestyret:

For å gjennomføre komplett utbygging av tilbygg - garasje og sandlager - på kommunalteknisk driftslager på Myrtun, godkjenner kommunestyret tilleggsøyving på kr 771 000,- inkl. mva. til prosjekt 700903. Tilleggsøyvinga vert finansiert slik:

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr</i>	<i>576 900,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr</i>	<i>144 100,-</i>
<i>SUM</i>	<i>kr</i>	<i>771 000,-</i>

Driftsmessigekonsekvensar blir innarbeidd i økonomiplanen for 2018-2021.

PS 144/17 Utbyggingsavtale for Håmyra bustadfelt - Din Bolig AS

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Din Bolig AS for bygging av Håmyra bustadfelt, datert 12.09.2017.

Handsaming:

Rune Totland orienterte om saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 19.09.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Din Bolig AS for bygging av Håmyra bustadfelt, datert 12.09.2017.

PS 145/17 Ny bruk av bustadsmodular Engesetvegen 28 - Kostnadar og finansiering

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner ei auka investeringsramme for prosjektet med etablering og istandsetting/oppussing av 2 bustadsmodular ved Mork barnehage og 2 bustadsmodular for mellombels bustad og for særskilt bustadsbehov på Rotset. Auka investeringsramme vert finansiert via låneopptak på kr. 2 928 576,-. Driftsmessigekonsekvensar blir innarbeidd i økonomiplanen for 2018-2021.

Handsaming:

Sakshandsamar Siri Birkeland Solheim orienterte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.09.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner ei auka investeringsramme for prosjektet med etablering og istandsetting/oppussing av 2 bustadsmodular ved Mork barnehage og 2 bustadsmodular for mellombels bustad og for særskilt bustadsbehov på Rotset. Auka investeringsramme vert finansiert via låneopptak på kr. 2 928 576,-. Driftsmessigekonsekvensar blir innarbeidd i økonomiplanen for 2018-2021.

PS 146/17 Gjerdeplassen - avtale om makebyte av grunn

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet godkjenner vedlagde avtale (vedlegg nr. 1) mellom Volda kommune og eigar av Gbr 46/6 og Gbr. 46/13.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i formannskapet - 19.09.2017:

Formannskapet godkjenner vedlagde avtale (vedlegg nr. 1) mellom Volda kommune og eigar av Gbr 46/6 og Gbr. 46/13.

PS 147/17 Kulturhus og kino i kombinasjon med nytt mediebygg på campus Høgskulen i Volda

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret er kjent med dei kritiske suksessfaktorane knytt til deltaking i sambruksløysing med HVO for kulturhus og kino i nytt mediebygg. Kommunestyret føreset at HVO og Volda kommune i planleggingsfasen legg vinn på å oppnå maksimal sambrukseffekt for at prosjektet kan la seg realisere.

Kommunestyret løyver inntil kr 250 000 til dekning av utgifter kommunen vil ha prosjekteringsfasen og for å få fram avgjerdsgrunnlag for kor vidt kommunen kan gå vidare med prosjektet mot endeleg realisering. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde kapitalfond.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.09.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret er kjent med dei kritiske suksessfaktorane knytt til deltaking i sambruksløysing med HVO for kulturhus og kino i nytt mediebygg. Kommunestyret føreset at HVO og Volda kommune i planleggingsfasen legg vinn på å oppnå maksimal sambrukseffekt for at prosjektet kan la seg realisere.

Kommunestyret løyver inntil kr 250 000 til dekning av utgifter kommunen vil ha prosjekteringsfasen og for å få fram avgjerdsgrunnlag for kor vidt kommunen kan gå vidare med prosjektet mot endeleg realisering. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde kapitalfond.

PS 148/17 Orienteringssaker

OS 125/17 Ordførarar ber om ekstraordinær generalforsamling - Mørenett

Formannskapet drøfta saka og kom med innspel til ordføraren. Det var semje om å sende brev til styret i Tussa Kraft, der Volda kommune ber styret om å vurdere innspel mellom anna frå arbeidstakarane, før ekstraordinær generalforsamling vert halde.



VOLDA KOMMUNE

OS 126/17 Prosjektrapport - framtidig legevakt på Søre Sunnmøre

OS 127/17 HVO Mediefag - Prosjektstyring: Møte mellom styringsgruppe og Statsbygg - referat frå møte 28.6.2017

OS 128/17 Framdriftsplan per 28. august 2017 for nytt mediebygg med kultursal og visningssal

OS 129/17 Campusutvikling på høgskulen i Volda - Byggjeprogram - høyring

OS 130/17 Fylkesmannen - Nye Volda kommune - oversending av likelydande vedtak

OS 131/17 Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Nye Volda kommune - søknad om unntak frå felles kommunestyremøte

OS 132/17 Grensejustering Bjørke - Referat frå møte den 04.07.17

OS 133/17 Voldsfjordkryssing AS: Protokoll frå Generalforsamling den 28. juni 2017 - Firmaattest frå 10. august 2017

OS 134/17 Drosjeløyva i Volda og Ørsta kommunar - Vurdering av behovet for ledig løyve tilknytt Volda Taxisentral

OS 135/17 Referat frå rådmannsgruppa 01.09.2017

OS 136/17 Politikontakter i alle kommunar

OS 137/17 Delegeringsfullmakt til økonomisjefen

OS 138/17 Vedkomande sal av Sykkylven kommune sine aksjar i Furene AS

OS 139/17 Vidare gang - Sak om tilbakebetaling av uriktig utbetalte kommunale tilskot til Den katolske kirke

PS 149/17 Referatsaker

RS 10/17 Månadsrapport SSIKT 01.09.2017

RS 11/17 M & R fylkeskommune - Tilskot til frivillig verksemd - Kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Den norske Dokumentarfilmfestivalen



VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 17:10

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
20.09.2017

Sonja Håvik
konsulent